

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/10608-2

Omklassifisering av vegen Fardal - Raunehaug i Sogndal kommune

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Kommunal veg frå Fardal til Raunehaug i Sogndal kommune vert ikkje omklassifisert til fylkesveg.

Vedlegg:

Søknad frå Sogndal kommune datert 2.10.2015.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Regional transportplan 2014-17 (23) - Handlingsprogram

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Den kommunale vegen frå Fardal til Raunehaug er oppgradert av Statnett i samband med utbygging av ny trafostasjon på Hagafjellet.

Sogndal kommune har i brev datert 2.10.2015 (vedlegg) søkt fylkeskommunen om at vegen vert omklassifisert til fylkesveg frå 1. januar 2016.

Sentrale problemstillingar

I Regional transportplan 2014-17 (23) – Handlingsprogram er det utarbeidd retningslinjer for inndeling av vegnettet i funksjonsklassar.

Det er lagt til grunn 8 ulike kriterium for å definere funksjonsklasser på vegstrekningar på fylkesvegnettet:

- Reiselengde og transport
- Samband mellom region- og kommunesentre, gjennomgangsvegar
- Befolkingskonsentrasjonar
- Vegtettheit
- Viktige kollektivknutepunkt
- Vegen sin omgjevnad
- Vegen sin funksjon i det nasjonale vegnettet
- Spesielle omsyn som omkøyringsveg for riksveg, del tunge kjøretøy, turisme mv.

Ut frå desse kriteria er det definert følgjande funksjonsklassar for vegnettet i Sogn og Fjordane:

Funksjonsklasse	Vegfunksjon
A	Nasjonale hovudveggar
B	Regionale hovudveggar
C	Lokale hovudveggar
D	Lokale samleveggar
E	Lokale tilkomstveggar

Funksjonsklassane er nærmare definert slik:

Funksjonsklasse A – nasjonale hovudveggar

Riksvegane i Sogn og Fjordane; E16, E39, rv. 5, rv. 13, rv. 15, rv. 52, rv. 55.

Funksjonsklasse B - regionale hovudveggar

Vegar med regional funksjon, overordna/regional betydning, relativt mykje trafikk og viktige vegar for næringslivet. I utgangspunktet er dette fylkesveggar med årsgjertrafikk over 1000 kjt/d og ein stor del lange reiser. Saman med riksvegane utgjer desse eit overordna transportnett. Dei viktigaste vegane som kryssar fylkesgrensene høyrer også med i funksjonsklasse B.

Døme på slike vegar er fv. 60 (Blindheim – Byrkjelo), fv. 57 (Espeland – Knarvik) og fv. 55 (Vadheim – Dragsvik og Sogndal – Lom).

Funksjonsklasse C - lokale hovudveggar

Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovudfunksjonen er viktige sambandsveggar mellom funksjonsklasse A og B og samband til kommunesentra. Også desse vegane har ein del lange reiser, men reiselengda er gjennomgåande kortare enn for klasse B. Hovudveggar/gater i tettstader høyrer også med i funksjonsklasse C. Desse vegane har gjerne trafikk i storleiken 500-1000 kjt/d.

Døme på slike vegar er fv. 615 (Sandane – Storebru) og fv. 620 (Åheim – Leikanger i Selje)

Funksjonsklasse D – lokale samleveggar

Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. I funksjonsklasse D vil det vera ei blanding av enkeltveggar og kortare samanhengande ruter. Viktigaste samband til turistmål eller større industriområde eller mellom mindre befolkningskonsentrasjonar. Desse vegane har også ein samlefunksjon for trafikk til eller frå vegar i funksjonsklasse B og C. Samleveggar i tettstader/byar høyrer også med i funksjonsklasse D. Dette er for det meste fylkesveggar med låg trafikk, årsgjertrafikk under 500 kjt/d.

Døme på slike vegar er fv. 724 (Olden – Briksdalsbreen), fv. 331 (Skjolden – Ornes) og fv. 92 (Vikøyri – Arnafjord).

Funksjonsklasse E - lokale tilkomstveggar

Vegane har primært lokale funksjonar. Fungerer som samleveggar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesveggar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon. Det er også ein funksjonsklasse som passar for mange kommunale veggar.

Døme på vegar i denne funksjonsklassen er fv. 214 (Fimreite), fv. 152 (Menes – Ulvestad) og fv. 362 (Askvoll – Follevåg).

Statens vegvesen har i dokumentet [Fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane – Nye funksjonsklassar](#) gjort ei inndeling av fylkesvegnettet ut frå kriteria omtalt i Regional transportplan.

Prinsipp for klassifisering av ny veg og omklassifisering av eksisterande veg

I samband med arbeidet med Regional transportplan 2014-17 var prinsippa for omklassifisering drøfta i høve kva status gamal vegtrasé skulle ha i samband med omlegging av eksisterande vegtrasear.

Det vart ikkje teke særskild stilling til prinsipp for opp- eller nedklassifisering av kommunale eller fylkeskommunale veggar på generelt grunnlag.

I Regional transportplan 2014-17 er det lagt til grunn følgjande nye prinsipp for omklassifisering:

Nye prinsipp for klassifisering av ny veg og omklassifisering av eksisterande veg

Det er viktig å skilje mellom klassifisering av ny veg og omklassifisering av eksisterande veg (nedklassifisering/oppklassifisering).

Klassifisering av ny veg

- Nye vegsamband bygd etter fylkeskommunale prioriteringar og finansiert av fylkeskommune → fylkesveg
- Behov for ny veginfrastruktur som følgje av kommunale utbyggingsplanar → kommunal veg

Omklassifisering av eksisterande veg i samband med utbyggingar

Omlegging av vegtrasear gjennom t.d. tunnel:

- Dersom gamal vegtrase er i funksjonsklasse B eller C → fylkesveg
- Dersom gamal vegtrase er i funksjonsklasse D eller E → kommunal veg
- Dersom gamal vegtrase på riks- eller fylkesvegnettet ikkje går gjennom utbyggingsområde → kommunal veg, vinterstengt gang- og sykkelveg eller nedlagt vegtrase

Det er på dagens vegnett mange kommunale vegar som ut frå definisjonane vil vere i funksjonsklasse D og E samtidig som vi også har fylkesvegar i desse funksjonsklassane.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den kommunale vegen frå Fardal til Raunehaug vil ut frå definisjonane høyre heime i funksjonsklasse D. Fylkesrådmannen si generelle vurdering er at fylkeskommunen ikkje skal overta kommunale vegar i funksjonsklasse D og E då dei i all hovudsak har lokale funksjonar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at fleire fylkesvegar i desse funksjonsklassane heller burde vore vurdert omklassifisert til kommunale vegar. Det har fram til no ikkje vore aktuelt å gjennomføre nokon prosess med omklassifisering av fylkesvegar til kommunale vegar då dette ville medført eit stort behov for oppgradering. Fylkesrådmannen ser heller ikkje at det blir aktuelt å starte ein slik prosess i nær framtid.

Omklassifisering av den kommunale vegen Fardal – Raunehaug vil likevel vere å gå i motsett retning av det fylkesrådmannen vurderer å vere ei høveleg deling mellom fylkesveg og kommunal veg.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkesrådmannen ser ikkje at ein eventuell omklassifisering av denne vegen til fylkesveg vil ha særskilde økonomiske konsekvensar. Veglengde inngår som ein komponent i inntektssystemet slik at fylkeskommunen normalt vil bli kompensert for ein auke i kostnader knytt til drift og vedlikehald av vegen.

Standardkrav

Sogndal kommune har i brevet sagt at vegen er bygd etter Statens vegvesen sine normer. Fylkesrådmannen legg derfor til grunn at vegen oppfyller gjeldande standardkrav, men vi har førebels ikkje motteke dokumentasjon på dette frå kommunen. Dersom det vert vedteke å omklassifisere vegen til fylkesveg, bør dette vere med atterhald om at alle krav til vegstandard er tilfredsstilt. Dette gjeld tekniske krav som rekkverk, drenering, murar, dekke, oppmerking, skilt, bruer osv. Dersom vegen skal omklassifiserast, må ein slik gjennomgang gjennomførast.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at den kommunale vegen frå Fardal til Raunehaug ikkje vert omklassifisert til fylkesveg.